



Sørnorsk folkemusikksenter

Sørnorsk kompetansesenter for folkemusikk og -dans

Innspel til Kulturdepartementets strategi for folkemusikk og folkedans

KORT OM SØRNORSK FOLKEMUSIKKSENTER

I 2015 gjekk Telemarkfestivalen saman med fleire folkemusikkaktørar i distriktet om etableringa av Telemark folkemusikksenter. Ambisjonen med eit folkemusikksenter er å danne kompetansemiljø som vil arbeide med bevaring, vidareutvikling og fremjing av folkemusikkarven i regionen.

I 2019 endra me namn frå Telemark folkemusikksenter til Sørnorsk folkemusikksenter – med ambisjonar om å vere eit regionalt senter for folkemusikk og folkedans i Agder og Telemark og Vestfold.

Sørnorsk folkemusikksenter driftast av eit sammensett styre med representantar frå medlemsorganisasjonane per no: Telemarkfestivalen, Folkemusikkarkivet i Telemark, Bø museum, Telemark kulturnettverk, Norsk Hardingelesenter og Telemark folkemusikklag.

Med midlar frå Midt-Telemark kommune og Vestfold og Telemark fylkeskommune har senteret finansiering til å løne ein dagleg leiar i 20 % stilling per no.

1 REGIONALE SENTRA FOR FOLKEMUSIKK OG FOLKEDANS

Sørnorsk folkemusikksenter ønskjer ein betre infrastruktur for folkemusikken og folkedansen, og me trur at regionale folkemusikksenter er viktig for å løfte fram og utvikle folkemusikken og folkedansen vidare i dei forskjellige regionane. I innspelsmøta som har vore gjennomført i haust i regi av FolkOrg kom det fram at det er meir eller mindre eit samla folkemusikkfelt som ønskjer etablering av folkemusikksenter i kvar region.

Mange av dei gode tiltaka som gjennomførast innanfor folkemusikk og folkedans spring ut frå eldsjeler og eit lokalt engasjement som kan forvitre. Me manglar eit system som held det heile saman! Eit folkemusikksenter vil utgjere eit kompetansemiljø som vil arbeide med å setje alle desse gode tiltaka i ein samanheng, og som syt for bevaring, vidareutvikling og fremjing av folkemusikkarven i regionen.

Sørnorsk folkemusikksenter ønskjer seg ein heilheitleg nasjonal struktur på folkemusikkfeltet, men ønskjer samstundes å understreke at folkemusikken lever i regionale kjerneområde. Ei satsing på regionale kompetansesenter i desse kjerneområda vil kunne løfte fram kompetansemiljø innanfor folkemusikk og folkedans i regionen ved å vere eit nav som vil gi gunstige synergieffektar, samt auka aktualitet og fokus på dei unike folkemusikktradisjonane me har – også utanfor regionen sine



kjerneområde. I region sør har me Midt-Telemark, Øvre Telemark og Setesdal som unike kjerneområde for folkemusikken i Noreg. Sørnorsk folkemusikksenter vil arbeide med bevaring, vidareutvikling og fremjing av folkemusikkarven i desse kjerneområda.

2 MEIR FOKUS PÅ REKRUTTERING, OPPLÆRING OG KOMPETANSEHEVING

Generasjonsskifte i tradering

Tradisjonsmusikken og -dansen er inne i eit generasjonsskifte der det er avgjerande å styrke rekrutteringa mens ein enno har levande og aktive miljø. Skal ein lukkast med rekruttering til denne aktiviteten må eit starte grunnopplæring med aldersgrupperte opplegg og søke samarbeid med dei eldre tradisjonsberarane.

Rekruttering og opplæring

Det er eit breitt tilbod til ungdommar og kulturaktivitetar i dagens samfunn. Det er difor viktig at også folkemusikken og -dansen har eit tilbod som kan måle seg både fagleg og sosialt. Det gode resultatet oppnår ein først når kulturskulen kan stå for den musikkfaglege opplæringa og utviklinga, og dei frivillige laga kan syte for lagsdrifta. Dette vil skape gode sosiale rammer, kanalisere foreldreengasjement inn i aktiviteten og på den måten vere levande reklame for aktiviteten for nye generasjonar.

Små og sårbare miljø treng regional koordinasjon

Kjerneområdet til tradisjonsmusikken og dansen finn ein for det meste i såkalla utkantområde, med tynt befolka kommunar. Mange av kommunane treng difor eit samarbeid med andre kommunar i området for å skape levedyktige fagmiljø og aktivitetar som i tillegg er attraktivt for ungdommen. Folkemusikken og -dansen treng ein interkommunal aktør som kan samordne, stimulere, serve og styrke samarbeidet mellom kommunar i kjerneområda.

Amatør og profesjonell

Eit anna særtrekk ved tradisjonsmusikken og dansen er graden av profesjonalisering historisk og i dag. I dag er det fleire som satsar på formidling som yrke. For å sikre rekruttering, opplæring og ein levande tradisjon er det viktig med eit godt samarbeid mellom profesjonelle og amatørar. Samtidig er det viktig å sikre rammevilkår slik at unge utøvarar/pedagogar kan sikre seg arbeid og utkomme i folkemusikken og -dansen sine kjerneområde.

Økonomien i frivillige lag

Økonomien i dei frivillige laga, organisasjonane må styrkast slik at meir av den frivillige innsatsen kan rettast mot det faglege innhaldet og den sosiale arbeidet. Dette er heilt nødvendig for å vere ein funksjonell samarbeidspart med kulturskulen og ha økonomi til å kjøpe dei faglege tenestene den kan tilby. Denne styrkinga kan ein enklast få til ved å styrke dagens nasjonale tilskotsordningar som dessverre i altfor liten grad er prisjustert.

Konsertformidling og arrangørar

Folkemusikken i vår region manglar eit utbygd arrangørnettverk. Ein nasjonal strategi må ha klare ambisjonar om systematisk formidling av tradisjonsmusikken og -dansen i regionen. Kulturrådet bør



settast i stand til å støtte støtte lokale konsertar og arrangørar som på grunn av liten befolkning krev betre støtteordningar enn meir sentrale strøk. Lokale lag kan utgjere eit lokalt arrangørnettverk viss risikoen vert akseptabel.

3 STATLEG ANSVAR FOR FOLKEMUSIKKARKIV

For å bevare folkemusikk- og folkedansmateriale er det nødvendig med gode arkivinstusjonar. I dag finst det nokre få sentrale og ikring 15 regionale folkemusikkarkiv rundt i landet. Arkiva har gjerne vokse fram frå lokale initiativ og har derfor ulik historie, tilknytning og finansieringsmodell. Dei samarbeider gjennom eit uformelt nettverk og med assistanse frå Norsk senter for folkemusikk og folkedans.

Me meiner det er viktig at staten tar eit overordna ansvar for folkemusikkarkiva i landet, men det er òg viktig at arbeidet fortsatt har ein desentralisert struktur, slik at ein tar vare på den nære kontakten som finst i dag mellom arkivverksemdene og informantar og brukarar. Arkiva skal drive dokumentasjon og formidling, og vere ein ressurs for forskarar, utøvarar og andre interesserte. Dei må derfor vere bemanna av tilsette med kompetanse på tradisjonen i det aktuelle distriktet. Vidare bør ein sørge for at alle delar av landet er dekt opp av eit regionalt folkemusikkarkiv, noko som ikkje er tilfellet i dag.

Det er spesielt viktig å få utvikla eit nytt katalogsystem for folkemusikkarkiva. Me ser det slik at Nasjonalbiblioteket er den rette instansen til å ta ansvar for eit nytt system. Staten bør derfor gje Nasjonalbiblioteket mandat til å utvikle og drive eit system som kan bli tilgjengeleg for folkemusikkarkiva rundt om, og til å bistå desse arkiva med fagleg utvikling.

4 EIT VARSKO FOR FELEMAKARFAGET

I dag er det få instrumentmakarar som bygger hardingfeler, langeleikar og andre eldre folkemusikkinstrument, og gjennomsnittsalderen deira er høg. Ein treng å få utdanna fleire instrumentmakarar. Dei bygger særnorske instrument, og vi kan ikkje rekne med at andre land tek på seg ansvaret for å bygge dei. I Telemark er det lange tradisjonar innanfor felemakarfaget. Ei stor utfordring er å verne om og halde liv i felemakarhandverket i framtida. For å sikre at denne tradisjonen ikkje døyr ut må det kome på plass ein strategi for å samarbeide med dagens felemakarar for å lære dette handverket vidare til nye generasjonar. Det må leggjast vekt på gode vilkår i arbeidet med å løfte nasjonalinstrumentet vårt opp og fram.

5 FRÅ STATLEG STRATEGI TIL NASJONAL STRATEGI

Sørnorsk folkemusikksenter er kjend med høyringssvaret frå representantskapet til Norsk senter for folkemusikk og folkedans og FolkOrg, og vil slutte seg til alle synspunkta i deira notat. Me er glade for dette initiativet frå Regjeringa og har store forventningar til den statlege strategien for dette kultur- og kunstområdet. Ei avklaring av staten sitt ansvar og oppgaver på dette feltet er ein viktig innfallsvinkel til dette arbeidet. Folkemusikken og -dansen sine lange tradisjonar knytta til lokal identitet, lokale ytringsformer og det mangfoldet av variantar som har utvikla seg over lang tid, er viktig å ta vare på og vidareutvikle. Ein strategi for dette området må difor ta utgangspunkt i den lokale aktiviten, dei lokale tradisjonane og legge til rette for både bevaring, vidareføring og utvikling. Difor må ein statleg strategi legge til rette for å kunne omfatte både lokale, regionale og nasjonale



tiltak, samt fordele ansvar og oppgaver til dei tre forvaltningsnivåa og leggje til rette økonomi som krevjast i dette arbeidet.

Me håpar at desse innspela kan vere til nytte i det viktige arbeidet med å utforme ein nasjonal strategi for folkemusikk og folkedans.

Bø i Telemark, 8/12 2020

På vegne av Sørnorsk folkemusikksenter


Kjell Stundal, styreleiar


Kristoffer Mosfeld, dagleg leiar



SØRNORSK
FOLKEMUSIKK
SENTER